



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Daniel Borge Kristensen

Arkivreferanse: 2023/3159-41

Val av medlemmar frå aldersgruppa 16–18 år til Samnanger ungdomsråd for perioden 2026–2028

Saksnr.	Organ, utval	Møtedato
	Kommunestyret	

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vel følgjande medlemmar frå aldersgruppa 16–18 år til Samnanger ungdomsråd for perioden 2026–2028:

1. Carl Fossdal Tveit
2. Julia Steinsland-Hauge
3. Era Haugen

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast av: Kommunestyret

Informasjon om bruk av kunstig intelligens

Kunstig intelligens (KI) er brukt som støtte i utarbeidinga av saksframlegget. Bruken av KI er gjort i samsvar med kommunen sine gjeldande retningslinjer. Heile innhaldet i saksframlegget er gjennomgått og kvalitetssikra av sakshandsamar.

Oppsummering

Det skal gjennomførast val av nye medlemmar i ungdomsrådet frå aldersrguppa 16-18 år. Innan søknadsfristen er det kome inn tre søknader. Vedtektene stipulerer at aldersgruppa

skal ha tre medlemmar og ein varamedlem. Rådet har med dette nok medlemmar til å verta operative og vedtaksføre, men er ikkje fulltalig kva gjeld vararepresentasjon.

Saksopplysningar

Bakgrunn for saka

Det går fram av kommunelova § 5-12 at kommunestyret skal velja eit ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom. Arbeidet og samansetninga til Samnanger ungdomsråd vert styr av eigne vedtekter, sist endra av kommunestyret 22.10.2021. Formålet med rådet er å fremma barn og unge sine interesser og tala deira sak i Samnanger kommune.

Faktagrunnlag, problemskildring og moglege løysingar

I samsvar med punkt 3. i vedtektene for Samnanger ungdomsråd gjeld følgjande:

- Ungdomsrådet skal ha totalt 6 medlemmar og 2 varamedlemmar.
- Medlemmane vert valde for 2 år om gongen, og valperioden følgjer skuleåret.
- Ungdomsrådet konstituerer seg sjølv i sitt første møte etter ferien ved å velja leiar og nestleiar.

Status for oppnemning:

1. **Ungdomsskulen:** Elevrådet ved Samnanger ungdomsskule har gjennomført sitt val av medlemmar:
 - **Julian Hisdal**
 - **Vincent Hope**
 - **Henrik Fossdal**
2. **Aldersgruppa 16–18 år:** Det har vorte informert om valet i lokalavisa og på kommunen si heimeside. Det er kome inn tre søknader innan fristen som var 24.08.26. Dei som søker er:
 - **Carl Fossdal Tveit**
 - **Julia Steinsland-Hauge**
 - **Era Haugen**

Dette gjer at dei tre faste plassane for aldersgruppa 16–18 år kan dekkast, men at det ikkje lukkast å få på plass ein varamedlem før saksframlegget vart skrive.

Carl Fossdal Tveit har vore med i ungdområdet i to periodar, 2022-2024 og 2024-2026. Han har vore leiar i ungdområdet den siste perioden frå 24-26. Han skriv: *«Eg ønskjer å fortsette mitt medlemskap i Samnanger ungdomsråd for å halde fram arbeidet for representasjon av ungdom i politiske saker. Eg har vore med tidlegare, og sitt per no som leiar av rådet.»*

Julia Steinsland-Hauge har vore med i ungdområdet i to periodar, 2022-2024 og 2024-2026. Ho har vore nestleiar i ungdområdet den siste perioden frå 24-26. Ho skriv: *«Eg vil særst gjerne vere medlem i ein periode til. Eg har fått mykje god erfaring, samt fått meg ein utvida*

sosial sirkel gjennom ungdomsrådet og det har gjett meg stor glede. Vonar at det er plass til meg i rådet dei neste to åra.»

Era Haugen har ikkje vore med i ungdomsrådet før og skriv i søknaden: «*Har hørt så mykje positivt om ungdomsrådet i det siste, å fekk derfor lyst å være med sjølv.*»

Vurderingar

Eit råd er vedtaksført når minst halvparten av medlemmane er til stades (jf. vedtektene punkt 4.). Med tre representantar frå elevrådet og tre valde representantar frå 16–18-årsgruppa vil ungdomsrådet ha seks faste medlemmar og vera fullt vedtaksført frå skulestart. Mangelen på varamedlem hindrar ikkje rådet i å konstituera seg og ta fatt på arbeidet sitt, men det vert tilrådd å gjennomføra eit suppleringsval for å få fylt opp varaplassen så snart det lèt seg gjera.

Vedlegg

1 VEDTEKER FOR SAMNANGER UNGDOMSRÅD